



Nagelld As  
Postboks 98  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2470 - 17/926

Saksbehandlar:  
John Fredrik Wallace  
john.fredrik.wallace@meland.kommune.no

Dato:  
16.01.2017

## Invitasjon til næringsplansamling i Meland kommune

**Samling på Gløde, Frekhaug, onsdag 22. februar kl 18:00 -20:00**

Du vert invitert til ei samling og workshop der vi skal legge grunnlaget for ein næringsplan i Meland. Planen skal vere ei plattform for prosjekt, tiltak og satsningar for næringsutvikling i kommunen.

*Kva skal folk i Meland arbeide med i framtida? Kvifor har de etablert næringsverksemd i Meland? Kva skal til for at de vil halde fram å drive og videreutvikle næringsverksemd her?*

Utvikling av eksisterande næringsliv og etablering av nye arbeidsplassar kan ikkje bli «vedteke», men det har likevel betydning korleis kommunen arbeider med desse spørsmåla. Kommunen skal legge til rette for næringsutvikling, og for å gjere det på ein god måte må vi vite korleis næringslivet tenker, og kva behov dei har. Samstundes er det ein fordel for næringslivet å kjenne kommunen – reglar, rutinar, og kanskje aller mest menneska i dei ulike rollene.

I tillegg til kommunen er det og andre faktorar som spelar inn når bedrifter eller enkeltpersoner vel å etablere seg: som bustadtilbod, kultur og idrett, utdannings- og forskningsinstitusjoner og regionale myndigheter. I næringsplanarbeid kan vi møtes og finne vegval og samarbeidsprosjekt.

Næringsplanen skal vere eit verktøy når vi skal marknadsføre oss - og kvarandre, samordne tiltak for dei som er etablert i Meland og gjennomføre nye aktivitetar.

Du er hjarteleg velkommen til ein konstruktiv og spennande ettermiddag.

- Vidar Totland frå Bergen Business Region vil innleie om næringsplanarbeid.
- Vi har sett opp 6 ulike temagrupper, tenk gjennom kvar du «hører heime».

### Mogelege temagrupper

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

1. Industri og handtverk
2. Reiseliv, frivillige/fritid, kultur/opplevingar, friluftsliv
3. Innovasjon
4. Handel/service
5. Landbruk, havbruk/fiske, mat
6. Bygg og eigedom

Meland kommune har gruppeleiarar og referentar.

Dette blir ein ettermiddag med mogelegheiter for engasjement og inspirasjon. Det vert servert litt å spise, og det er ein fordel om vi veit kven som kjem på førehand.

Det er open invitasjon til samlinga, så spre gjerne til andre som kan vere interessert!

Påmelding innan 15. februar til: [john.fredrik.wallace@meland.kommune.no](mailto:john.fredrik.wallace@meland.kommune.no), eller sms til 48284872.

Med helsing

Øyvind Oddekalv  
Ordfører

John Fredrik Wallace  
Næringsrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Blom fiskeoppdrett  
Business Region Bergen  
Byggrensjøring v / Bergesen  
Bærekraftig Liv Meland  
FRAMO Flatøy / Sulen  
FRAMO Flatøy v/ Jacobsen  
FRAMO Holsnøy v/ Kolås  
FRAMO Holsnøy v/ Nilssen  
Frekhaug Folkehøgskule v  
/Andersen  
Frekhaug Stål v/ Sagstad  
Frekhaug trevare  
Gløde AS v / Herfindal  
IL Kvernbit  
Industriinkubator Vest v/  
Brundtland  
KIWI Frekhaug v / Skauge  
Kolos Group AS v/ Fosse  
Lars Barstad  
Liegruppen v / Haug  
Meland aktiv  
Meland Bondelag v/Helge Henanger  
Meland idrettsråd  
Meland sokneråd  
Motitech v/ Kjenes  
NagelID  
NagelID As  
NAV Meland v/ Haga  
Nordhordland næringsdhage v/  
Lerøy  
Nordhordland næringslag v/ Svein  
Nordvik  
Padleklubben  
REMA 1000 Frekhaug v / Wågenes  
Salar Bruk v / Fanavoll  
Sansetunet  
Seilmaker Iversen  
Siren Godø  
Sjøslaget  
Tom Ryland, Frekhaug  
senterforening  
Tråppo gard  
XL Bygg Frekhaug  
Ypsøy kystgard

Postboks 98

5906

FREKHAUG